

REGLEMENT FOR ELDRERÅDET

Fastsett i medhald av Lov om kommunar og fylkeskommunar (kommuneloven) § 5-12 vedteke av Stortinget 11. juni 2018.

Reglementet er vedteke av fylkestinget i møte
14. – 16 oktober 2019, sak T-71/19

I FØREMÅL

- § 1** Eldrerådet er eit rådgjevande organ for fylkeskommunen, og har rett til å uttale seg i saker som gjeld eldre.

Fylkeskommunen skal sørge for ei brei, open og tilgjengeleg medverknad frå eldre gjennom eldrerådet i saker som angår dei.

II VAL OG SAMANSETTING

- § 2** Medlemene i eldrerådet blir personlege oppnemnde medlemer. Oppnemninga blir gjort av fylkestinget etter framlegg frå aktuelle organisasjonar jf forskrift om medvirkningsordningar § 3. Eldrerådet si funksjonstid følgjer fylkestingvalperioden.

Eldrerådet skal ha 7 medlemer og er samansett slik:

- 4 av medlemmane skal veljast etter framlegg frå organisasjonar for eldre i fylket.
- 3 politikarar frå fylkestinget, primært ein frå kvart hovudutval.

Fleirtalet av medlemene i eldrerådet skal på valtidspunktet ha fylt 60 år. Kvart medlem skal ha 3 personlege varamedlemer i rekkefølge.

Eldrerådet vel sjølv leiar og nestleiar mellom medlemane i eldrerådet for den fylkeskommunale valperioden.

Politiske styringsorgan og forvaltningsorgan som ikkje er representert i eldrerådet kan kallast inn til møta.

Dersom ein medlem eller varamedlem trer ut av utvalet, skal fylkestinget i medhald av kommunelova § 7-10 velje ny medlem eller varamedlem.

III ARBEIDSOMRÅDE

- § 3** Eldrerådet skal behandle alle saker som gjeld eldre.
- Eldrerådet kan sjølv ta opp saker som vedkjem eldre i fylket.
- Eldrerådet skal ikkje behandle saker som gjeld enkeltpersonar.
- Eldrerådet skal kvart år utarbeide ei årsmelding som skal leggst fram for fylkestinget.
- Uttalar skal følge saksdokumentet til det fylkeskommunale organet som avgjer saka endeleg.

IV MØTE, SEKRETARIAT OG ØKONOMI

- § 4 Møte**
Eldrerådet blir innkalla etter fastsett møteplan, og med rimeleg frist. Innkallinga, saman med saksdokumenta, skal sendast faste medlemmer og varamedlemmer.
- Eldrerådet kan elles innkallast når leiaren eller tre av medlemene krev det, jf kommunelova § 11-2.
- Eldrerådet er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades, jf kommunelova § 11-9.
- Det skal førast møtebok jf kommunelova § 11-4.
- § 5 Saksbehandlingsreglar**
Fylkesdirektøren skal etablere rutinar som sikrar at eldrerådet mottok sakene så tidleg i saksbehandlinga at ein uttale frå eldrerådet har moglegheit til å påverke utfallet av saken.
- Den enkelte etat/avdelingssjef har ansvar for å innhente eldrerådet sitt syn som ledd i saksførebuinga.
- Dersom det ikkje er mogleg å innhente eldrerådet sitt syn på førehand, skal ein representant frå eldrerådet innkallast til møte i hovudutvala og eventuelt fylkesutval eller fylkesting.
- § 6 Sekretariat og økonomi**
Sekretariatsfunksjonen skal ligge til fylkesdirektøren.
- Medlemmer som ikkje møter på vegne av offentleg myndighet får møte- og reisegodtgjersle etter fylkeskommunen sitt reiseregulativ. Tapt arbeidsforteneste eller utgifter til følgje, tolk, tilsyn i heimen osv. i samband med møta, blir dekt på same måte.